

Offentlege instansar
Naboar

06.05.2024

Melding om oppstart av planarbeid – Detaljregulering for gnr. 40 bnr. 59 m.fl., Sveio sentrum. Mellombels plan-ID: 2024901

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at ABO Plan & Arkitektur Stord AS på oppdrag for tiltakshavar Sveio kommune v/drift og anlegg, Per Riise, set i gang arbeid med detaljregulering for gnr. 40 bnr. 59, Sveio sentrum. Oppstartsmøte vart gjennomført 05.03.2024.

Planstatus og føremål

I gjeldande kommuneplan for Sveio sentrum 2023 - 2035 er planområdet sett av til offentlig tenesteyting, o_BOP og delar i nord til sentrumsformål, BS. Gjeldande plan, Detaljregulering badeanlegg i Sveio sentrum, gnr. 40, bnr. 59, 93 m.fl., syner arealet til offentlig tenesteyting, med krav om etablering av badeanlegg samt at delar av arealet kan nyttast til andre offentlege eller private tenester og funksjonar. Den gjeldande planen vil verta oppheva når forslag til plan vert vedteken, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for etablering av ulike offentlege formål med tilkomstveg og tilhøyrande parkering, samt vidare utvikling av kringliggjande område innanfor planen. Delar av arealet er tenkt nytta til ny kommunal barnehage.

Planområdet

Storleiken på planområdet er om lag 18 daa. Avgrensinga av planområdet er synt på vedlagt kartutsnitt.

Planområdet har lik utstrekning som godkjent reguleringsplan og er avgrensa i tråd med eigedoms-grensene for eigedom 40/59 i sør og vest, planen regulerer Sveiogata i nord og tek med seg noko areal på nord-austsida av Mannabergvegen. Sveio kommune er eigar av delar av planområdet. Resterande areal innanfor planområdet er i privat eige.

Viktige utgreiingar

Det er vurdert konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta. Med bakgrunn i registrerte verdiar og planlagde tiltak, vert det vurdert at omsyn til miljø og samfunn vil verta tilstrekkeleg tatt i betraktning i planarbeidet. Då planframlegget har liten utstrekning og tidlegare har vore regulert til utbyggingsføremål, vart det avklart i oppstartsmøtet at arbeidet ikkje utløyser krav om KU etter konsekvensforskrifta.

Sjølv om planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing krev pbl § 4-2 at verknadar av planframlegget vert vurdert. Særleg vil vurderingar knytt til natur- og kulturmiljø, jordvern, støy, støv, overvasshandtering, risiko for forureining, folkehelse, samfunnstryggleik og beredskap leggast vekt på. Sjå planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet for detaljar.

Saksdokument og merknader

Eventuelle synspunkt på planen skal sendast skriftleg

innan høyringsfristen: **09.06.2024**

til postadresse: **ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord**

eller e-post: poststord@abo-ark.no / hageberg@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til kommunen – dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Oppstartsmelding, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på kommunen si heimeside/planregisteret, samt ABO sine nettsider:

www.sveio.kommune.no eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut, vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Merete Refstie Hageberg

Vedlegg

- Oversiktskart
- Planavgrensing